



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:
07.11.2022

Dykkar dato:
Dykkar ref:

Vår ref:
2022/13521

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Oppstart - Alver - 188/406 m fl - robuste bustader i Knarvik - reguleringsplan

Vi viser til brev frå kommunen datert 03.10.2022. Saken gjeld oppstart av reguleringsplan for robuste bustader i Knarvik. Bakgrunn for planarbeidet er at det skal byggast omsorgsbustader for rus og psykiatri i kommunal regi.

Det meste av planområdet har arealføremålet offentleg og privat tenesteyting i områdeplan for Knarvik. Det opplystast at tiltaket er i tråd med arealføremålet.

Statsforvaltaren minner om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbL) § 6-2 andre ledd. Statsforvaltaren ser ikkje at meldinga om oppstart er i strid med nasjonale føresetnader og forventningar til arealpolitikken. Statsforvaltaren vil likevel kome med følgjande innspel til meldinga om oppstart:

Naturmangfald og vassdrag

Det er registrert fleire raudlista fugleartar i nærleiken av planområdet. Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

Bustadområde nær opp til måkebestand kan føre til konflikter mellom menneske og dyr. Dette er ein kjent problemstilling ved Kvassnesstemma i Knarvik. Vi meiner denne problemstillinga bør skildrast i planskildringa. Det bør gå fram at hekkehøgda i området må aksepteras som ein føresetnad for utbygging og at det ikkje kan setjast i vert tiltak som er til skade for fuglelivet.

Planområdet går heilt ned til Kvassnesstemma. Planen bør ikkje opne for tiltak i vassdraget eller kantvegetasjonen. Vi viser til Vassressurslova § 11 og vassforskrifta.

ROS-analyse

Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. pbL § 3-1 bokstav h. PbL § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan.



ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Teknisk forskrift (TEK17) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. Akseptkriteria for anna type risiko må definerast av kommunen. Fylkesmannen legg til grunn at akseptkriteria må vera minst like strenge som for flaum og skred. Alle risikohøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegne.

Vi gjer merksam på at planområdet ligg under marin grense, og i område med mogleg marin leire (fylkesatlas.no). ROS-analysen må klargjere om det er fare for kvikkleireskred.

Folkehelse

Det er ei forventning i folkehelselova om at kommunane skal legge til rette for eit langsigkt og systematisk folkehelsearbeid for å fremme helse i befolkninga og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidningar. Alle planar skal fremme helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskellar, jf. pbl § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremmende gjennom å fremme faktorar som styrker helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova § 4. Det skal såleis gjerast ei vurdering av konsekvensar for folkehelsa i all planlegging.

Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve, jf. pbl § 3-1 bokstav e.

Medverknad

Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Statsforvaltaren gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Vestland fylkeskommune

Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO
Postboks 7900 5020 BERGEN

